

Møtebok FR 10. januar 2024

Ekstraordinært møte pga redusert rammetilskot frå Stord kommune 2024.

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellelsråd.
Tid: Onsdag 10. januar 2024 kl. 17:00
Opningsord: Jørgen
Stad: Kyrkjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES:

Dag Sele (Stord), Knut Gram (Stord) Heine Kaldefoss (Nysæter), Tormod Stautland (Nysæter), Tom Knudsen (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geisteleg repr) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

Soknerådsleiarane Anders Dahl (Stord) og Sigrid Theodorsen Langøy (Nysæter) var invitert med talerett.

På publikumsbenken: Henrik Mundal, avisa Sunnhordland.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2024/01 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2024/02 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellelsrådsmøte 14. des. 2023

Godkjent med følgjande merknad:

Det avtroppande fellelsrådet gjorde alle vedtak fram til konstituering, SAK 2023/42.

Samrøysta vedteke

2024/03 112 Driftsbudsjett 2024

Fellesrådet ber kyrkjevevja justera driftsbudsjettet i tråd med dei budsjettkutta/innsparingane som kom fram i møtet, slik som reduksjonar i

- *Møtegodtgjerdse*
- *Kurs – og etterutdanning*
- *Kontorinventar – og utstyr*
- *Div. kontor/drift/materiell*
- *Honorar innleigde musikarar*
- *Sommarvikarar på gravplassane*

Dette inneber bruk av fondsmidlar på kr.1,1 mill.

Fellesrådet held fram med straumsparingstiltak i kyrkjene med tanke på å styrkja budsjettbalansen, men temperaturen skal frå 15.01.2024 vera på eit slikt nivå at kyrkjene kan brukast som normalt.

Alle tiltaka skal evaluerast før sommaren 2024.

Fellesrådet ber om økonomirapportering på kvart møte i 2024.


Fellesrådet bed kyrkjevevja halda oppe kontakten med kommuneadministrasjonen mtp. utvida tenesteyting frå kommunal sektor for å styrkja budsjettbalansen.

Premissane for vedtaket byggjer på tillit til politikarane sin lovnad om auke i rammetilskotet for 2025 samt muligheten til å komma med spørsmål om tilleggsløyvingar dersom akutte behov for finansiering skulle oppstå i 2024.

Samrøysta vedteke.

Stord 10.01. 2024

For Stord kyrkjelege fellesråd



Dag Sele
Leiar

Liv Kari Bru
Kyrkjevevje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
08. februar 2024 kl. 17:00**